



Norsk Tjenestemannslag NAV

Helse- og omsorgsdepartementet,
Oslo.

Lonevåg 24.06.2010

Høring – Særfrådrag for store sjukdomsutgifter

Me har no lest gjennom rapport frå interndepartemental arbeidsgruppe vedrørende særfrådrag for store sjukdomsutgifter.

Fleirtalet sin konklusjon er at den beste løysinga vil vere å oppheve ordninga med særfrådrag og at midlane som vert bruk til skattelette per i dag, i staden for skal brukast til å styre eksisterande ordningar eller andre helse- og sosialformål.

Etter vår kjennskap til folketrygdlova, har me sett opp ein del punkt frå folketrygdlova opp mot utgifter som vert dekt gjennom dagens særfrådrag.

Ved ftrl. sin § 5-4 får ein dekka utgifter til legehjelp, som har driftsavtale, når ein i frikort 1 har utgifter som overstiger kroner 1.840,- (per 01.01.2010). Dersom ein går til privatpraktiserande lege, får ein ikkje dette inn i frikort 1 ordninga. Me veit at det er lang ventetid hjå ein del spesialistar – spesielt revmatolog.

Bakgrunnen for innstillinga er at ein skal styrke andre refusjonsordningar som tennlegerefusjon etter ftrl. §5-6, Husbanken sin tilskotsordning og Staten sine behandlingsreiser. Ein skal også styrke generell bruk på helseføremål. Det er ikkje i rapporten sett opp forslag til endringar i ovannemnde refusjons- og tilskotsordningar. NTL NAV meiner at dersom ein skal gå inn for å fjerne særfrådraget – lyt det også føreligge meir konkrete forslag til korleis dei andre ordningane bør utvidast.

Etter ftrl. sin § 5-6 tannleggehjelp, er det også lista opp diagnoser. Dersom ein ikkje kjem inn under desse, vil ein heller ikkje ha høve til å få dekka utgifter ved særfrådrag. Me veit at utgifter til tannlege er høge og me er redde for at ein del ikkje vil ta seg råd til å prioriter tannhelse.

Etter ftrl. sin § 5-7, går det fram at ein får dekka utgifter til psykolog som har driftsavtale. Ein del psykologar med driftsavtale har ledige timar til krisehjelp, men det er ofte svært lang ventetid – opptil eit år. Dersom ein treng psykologhjelp og ein kjem til ein psykolog utan driftsavtale, får ein heller ikkje dekka noko etter folketrygdlova.

Ein utfordring som NTL NAV ser, med bakgrunn av kjennskap til folketrygdlova, er at mange som i dag søker om særfrådrag – ikkje lengre vil kunna få høve til å få dekka utgifter ved sjukdom. I folketrygdlova sin kapittel 5 – stønad til helsetenester, går det klart fram at ein vil kunna får refusjon dersom ein har fått fastlagt ein diagnose. Dette vil seia at personar med



uklære diagnoser som fibromyalgi, ryggplager – ikkje vil få dekka utgifter til fysioterapi og andre behandlingsformer. Ein veit at desse kostnadane er marginale i forhold til at ein ikkje kan klare å stå i arbeid, vert sjukemeldt og får uførestønad. Dette følgjer etter ftrl. § 5-8.

Behandling hjå kiropraktor etter ftrl. sin § 5-9 – blir berre dekka for 14 behandlingar per kalenderår. Denne behandlinga går heller ikkje inn på frikort 2.

Ut frå ftrl. sin § 5-22 vert det ytt bidrag til spesielle føremål. Etter ein eigendel på kroner 1.600,- får ein dekka 90% av det som overstig eigendel. Dette gjeld utgifter til bandasje- og forbruksmateriell og legemidlar.

Etter ftrl. sin § 10-7, vert det gitt briller/kontaktlinser til barn under 18 ved spesielle diagnoser. Å ha problem med synet må sjåast på som eit lyte ein ikkje kan gjere noko med. Det er dyrt å bruke briller og kontaktlinser.

Når det gjeld funksjonshemma born, er det fleire reglar og lovar i folketrygdlova som regulerer dette og som har refusjonsordningar. Likevel er desse lovane svært regelstyrte og ikkje alle utgifter vert dekka. Eit eksempel er eins om har eit funksjonshemma barn som bur i utlandet. Ved innkalling til samtale på institusjon i utlandet, vil ein etter særfrådrag kunna få dekka store reiseutgifter til utlandet for å kunna følgje opp barnet sitt, dette vil no falle bort sidan barnet bur i utlandet.

Som ein ser, er det ikkje alle sjukdomsutgifter som vert dekt, og dette vil medføre store utgifter for dei som ikkje kjem inn under ordningane og som ofte er lågløna.

Konklusjon:

Me stiller oss undrande til at fleirtalet i gruppa ønskjer bortfall av særfrådrag utan at det er føreslag om konkrete endringar i andre lovverk som skal kunna fange opp dei meirutgifter som no ikkje vert dekka gjennom særfrådrag.

Dersom ein ønskjer å styrke andre føremål som tannlegehjelp og ombygging av bustad, bør ein lage ei oversikt over endringar som er ønskt inn i andre aktuelle lovverk. Det er viktig at ein ser på dagens regelverk og eventuelt endrar dette slik at det vert klårare retningslinjer. Dagens regelverk er til dels uklår og det kan hende at det er eit stort underforbruk av denne ordninga.

NTL NAV meiner at særfrådrag for store sjukdomsutgifter bør bestå – samstundes som ein går gjennom regelverket og ser på kva endringar som bør gjerast.

Venleg helsing

Jarle Berge
Leiar

Merethe Engstrøm
Rådgivar